

Spørsmål og svar etter møte om fysisk inngripen. Opplæringslova § 13-4.



Kan de rettleie om korleis skolen kan følgje opp plikta etter FNs barnekonvensjon, samt opplæringslova, til å sikre elevane si rett til å medverke i det førebyggande arbeidet?



Elevane sin rett til medverknad

Førebygging etter § 13-3

I opplæringslova § 13-3 står det at kommunen/ fylkeskommunen skal sørge for at skolen, leksehjelpa og skolefritidsordninga driv eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å førebygge situasjonar der tilsette må gripe inn fysisk overfor elevar. I forarbeida skriv departementet at det ikkje bør regulerast i lova korleis førebygginga konkret skal skje, men at dette bør avgjerast lokalt:

Hvordan man bør jobbe forebyggende, vil variere med forholdene lokalt og det er derfor hensiktsmessig at regelen gir et handlingsrom her. Et utgangspunkt er imidlertid at forebyggende tiltak kan settes i verk både på skolenivå, på klasse- eller gruppenivå og på individnivå. I forbindelse med forebygging av nye tilfeller av fysiske inngrep, vil barnets rett til medvirkning være relevant¹.

På systemnivå kan medverknad til dømes skje gjennom at skolen involverer elevrådet eller FAU i arbeidet med å etablere retningslinjer knytt til fysisk inngripen.

På individnivå kan medverknad til dømes skje gjennom samtaler med enkeltelevar der målet er å kome fram til gode strategiar saman.

Dokumentasjonskravet etter § 13-5

Opplæringslova § 13-5 inneheld eit dokumentasjonskrav. Hensikta med dokumentasjonskravet er at skolen får evaluert og systematisert hendingar der tilsette har grepet inn fysisk mot elevar. Denne informasjonen kan skolen bruke til å førebygge nye hendingar.

¹ [Prop. 62 L \(2023–2024\) \(regjeringen.no\)](#), side 57.

Dersom ein tilsett grip inn fysisk overfor ein elev, skal skolen dokumentere hendinga med ei skildring av:

- Situasjonen
- Inngrepet som vart gjort
- Eleven sitt syn på saken

Ettersom eleven sitt syn skal dokumenterast, inneber dette at eleven medverkar gjennom evaluering av situasjonen, og på den måten bidrar til eit betre grunnlag i førebyggingsarbeidet etter § 13-3.



Praktiseringa av behovet for fysisk inngripen i opplæringstida for elevar som har vedtak etter kapittel 9 i helse- og omsorgstenestelova. Grensegangen mellom lovverka?



Tilhøvet til helse- og omsorgstenestelova

Helse- og omsorgstenestelova kapittel 9 inneheld reglar om tvang og makt som ledd i tenester til personar med utviklingshemming. Tvang etter helse- og omsorgstenestelova kan berre utførast av dei som har myndigheit i eit vedtak. Der ein elev har personleg assistanse etter helse- og omsorgstenestelova medan eleven er på skolen, er det berre den personlege assistenten som kan gjennomføre tvang etter helse- og omsorgstenestelova, ikkje lærarar eller andre tilsette ved skolen. Tilsette ved skolen kan likevel gripe inn fysisk innafør rammene av opplæringslova § 13-4.

Departementet har understrekt at § 13-4 ikkje er meint å endre tilhøvet til helse- og omsorgstenestelova. Det er altså ikkje slik at føresegna utvidar eller endrar rammene for kven som kan utføre tvangstiltak etter helse- og omsorgstenestelova.



Spørsmåla er nok relevante for alle, men på vår skule tenker vi særleg på elevar med diagnosar og utfordringar med mykje utagering:

- ***Korleis skal fysisk inngripen registrerast? Avvik eller logg?***
- ***Kvar går grensa i forhold til "allmenn akseptert"?***



Dokumentasjonskravet

Dokumentasjonskravet følgjer av § 13-5, og seier at skolen skal dokumentere alle fysiske inngrep med ei kort omtale av hendinga. Hensikta er å styrke eleven si rettstryggleik. Når skolen dokumenterer hendingar om fysisk inngripen, vil det gje dei viktig informasjon om risiko og førebygging.

Det vert ikkje stilt formkrav til dokumentasjonen, men den skal innehalde ei skildring av:

- Situasjonen
- Inngrepet
- Eleven sitt syn på saka

Av forarbeida går det fram at:

Departementet meiner at det bør stillast nokre minimumskrav til dokumentasjonen, samtidig som desse ikkje må bli for ressurskrevjande. Dokumentasjonen bør innehalde nok informasjon til at ein kan setje seg inn i kva som har skjedd, og kva det fysiske inngrepet har bestått i.

Enkelte høyringsinstansar har foreslått krav om at fleire aspekt dokumenterast, eller at det innhentast synspunkt frå fleire personar, for eksempel foreldre. Departementet meiner at det vil føre til at kravet blir for omfattande. Skolane er allereie pålagt betydelege dokumentasjonskrav. Dersom krava blir for omfattande, er det en risiko for at tilsette vegrar seg for å definere den fysiske handlinga som eit fysisk inngrep som fell inn under dokumentasjonskravet².

Ettersom det berre stillast krav til dokumentasjonen sitt innhald og ikkje form, legg vi til grunn at skolane sjølv må vurdere korleis dei skal dokumentere hendingar på ei mest mogleg hensiktsmessig måte.



Skolen sitt omsorgs- og oppdragaransvar

I opplæringslova § 13-4 tredje ledd står det at handlingar som er «allment aksepterte» i samhandling mellom vaksne og barn dei har omsorg for, fell utanfor føresegna sitt verkeområde.

Handlingar som er «allment aksepterte» vil til dømes vere fysiske handlingar som inngår i skolen sitt omsorgs- og oppdragaransvar. Slike handlingar vil ikkje vere å rekne som fysisk inngripen etter § 13-4. Grenseoppgangen kan vere vanskeleg, og det er difor viktig å reflektere rundt- og diskutere dette i kollegiet.

Døme på ei vanskeleg grenseoppgang kan vere:

Ligg det innafor skulen sitt omsorgs- og oppdragaransvar når den tilsette løfter førsteklasingen vekk frå ein fysisk konflikt med andre elevar?

² [Prop. 62 L \(2023–2024\) \(regjeringen.no\)](#), side 58.

I følgje forarbeida dreier vurderinga seg i stor grad om eleven sin alder. Departementet skriv at «elevens alder vil være et sentralt moment». Det er derfor meir naturleg innafor eit omsorgs- og oppdrageransvar å løfte ein førsteklasing vekk frå en situasjon enn å gjere det same med ein elev på vg2. I dei tilfella der ein fysisk inngripen går utover skolen sitt omsorgs- og oppdrageransvar, er vi fort over på fysisk inngripen etter § 13-4.

Andre moment, i tillegg til eleven sin alder, som det kan vere aktuelt å vurdere er:

- om det fysiske inngrepet blir sett på som fagleg akseptabelt i det å oppdra eit barn
- kva styrke handlinga har
- kor ofte handlinga vert gjennomført
- relasjonen mellom den konkrete tilsette og barnet/ ungdommen

Av forarbeida følgjer at:

Å påvirke en elev gjennom minimal bruk av fysisk makt, for eksempel å lede eleven ved hånden ut av rommet, vil ikke være et fysisk inngrep som faller inn under lovforslaget. Dersom læreren derimot bruker mer enn minimal fysisk makt fordi eleven motsetter seg, for eksempel i form av et fastere grep i armen eller skulderen, vil det i utgangspunktet være et fysisk inngrep som faller inn under lovforslaget.

Departementet mener at regelen i opplæringsloven og privatskoleloven i likhet med høringsforslaget ikke bør omfatte handlinger som skolen utøver som en del av sitt oppdrager- og omsorgsansvar, slik som vanlig omsorg og grensesetting. At det er adgang til denne formen for påvirkning, følger av det alminnelige oppdrageransvaret foreldrene har, jf. barneloven § 30. Skolen eller andre som ivaretar omsorgen når foreldrene ikke er til stede, kan til en viss grad bruke en del tilsvarende verbale og fysiske virkemidler. Slike allment aksepterte handlinger trenger ikke grunnlag i lov³.

For den tilsette som har gripe inn fysisk mot ein elev, kan det vere vanskeleg å vurdere om hendinga ligg innanfor omsorgs- og oppdrageransvaret eller ikkje. I vurderinga må ein sjå på momenta som er nemnt over. Dersom ein konkluderer med at hendinga er ei fysisk inngripen etter § 13-4, utløyer dette ei plikt til å melde frå til rektor/dagleg leiar og eit krav om dokumentasjon etter § 13-5.



Vi har ei oppfatning av at reglane om fysisk inngripen som er vedtekne pr no, ikkje er ei realitetsendring frå dagens regelverk med tanke på fare for liv og helse. Stemmer det at dei reglane som kjem vil vere annleis?

³ [Prop. 62 L \(2023–2024\) \(regjeringen.no\)](#), side 49.



Tilhøvet til straffelova

Om tilhøvet til reglane om nødrett og nødverje, skriv departementet følgjande:

Departementet understreker at straffeloven §§ 17 og 18 vil gjelde side om side med forslaget til regler om fysiske inngrep. Lovforslaget begrenser med andre ord ikke ansattes mulighet til å agere etter straffelovens regler om nødverge og nødrett. Heller ikke inngrep som er gjort i samsvar med lovforslaget, vil kunne regnes som straffbare. Når det gjelder forholdet til nødretts- og nødvergebestemmelsene, er utgangspunktet at departementets forslag ikke er ment å gi et bredere grunnlag for fysisk inngripen enn det som følger av disse bestemmelsene (med et mulig unntak om retten til å gripe inn mot sterk selvfordreelse). Hovedformålet er først og fremst å tydeliggjøre og tilpasse disse reglene til skolesektoren. Departementets forslag til regler har elementer fra både nødrett- og nødvergebestemmelsene, men med enkelte avgrensninger og presiseringer⁴.

Når det gjeld høringsforslaget om fysisk inngripen for å avverje at ein elev krenkjer nokon psykisk eller i vesentleg grad forstyrrar undervisninga, skriv departementet at:

Når det gjelder forholdet til nødretts- og nødvergebestemmelsene, er utgangspunktet at departementets forslag vil innebære et noe bredere grunnlag for fysisk inngripen enn det som følger av disse bestemmelsene. Lovforslaget vil hjemle fysiske inngrep i tilfeller som ikke har hjemmel i straffeloven §§ 17 og 18. Det er for eksempel neppe hjemmel i straffeloven §§ 17 og 18 til å gripe inn for å avverge at en elev ødelegger undervisningen⁵.



***Er det lov å stengje ei dør og stoppe eleven frå å springe etter foreldra?
Er det lov å halde elevar når dei har vanskar med å sleppe foreldra, når
foreldra ber oss om å halde dei?***



Rammene for § 13-4

Tilfella som er nemnt over, vil i utgangspunktet falle utanfor verkeområdet til § 13-4, fordi det ikkje er tale om situasjonar der ein kan å gripe inn etter bokstav a, b eller c. Det kjem

⁴ [Prop. 62 L \(2023–2024\) \(regjeringen.no\)](#), side 52.

⁵ [horingsnotat-forslag-til-regler-om-bruk-av-fysiske-inngrep-ii.pdf \(regjeringen.no\)](#), s. 31

altså ikkje fram av problembeskrivinga at det i denne situasjonen er fare for *fysiske krenkingar* eller *fysisk fare*⁶, *skade på eigedom* eller *sterkt fornedrande åtferd*.

Hendingane kan i staden ligge innanfor skolen sitt omsorgs- og oppdrageransvar, og då vil eleven sin alder ha stor betydning. I tillegg til eleven sin alder, må den tilsette også vurdere om den fysiske inngripen er fagleg akseptabel når ein skal oppdra eit barn, kva styrke handlinga har, kor ofte handlinga vert gjennomført, og relasjonen mellom den tilsette og barnet. Det avgjerande er altså om det ut frå eit oppdragarperspektiv er tale om ei akseptert handling.

Dersom eleven ikkje vil gå frå foreldra fordi han eller ho opplever å ha det utrygt på skolen, må skolen samstundes vurdere tiltak for å jobbe med det psykososiale skolemiljøet etter opplæringslova kapittel 12.



Vil de seie noko om forslagene til endring av denne føresegna? Regjeringa har gitt nokre signaler. Er forslaget på høyring? Når kjem eventuelle endringar, og kva vil endringane innebere?



Høyringsforslag i [Prop. 62 L \(2023–2024\)](#) ([regjeringen.no](#))

Departementet har foreslått å endre § 13-4, slik at ein også kan gripe inn fysisk for å avverje psykiske krenkingar og hindre at ein elev i vesentleg grad forstyrrar undervisninga.

Forslaget er på høyring no, med høyringsfrist **10. oktober 2024**.

Nærmare om innhaldet

Det er foreslått å endre § 13-4 bokstav a, slik at den opnar for å gripe inn fysisk for å avverje at en elev utsett ein person for *psykiske krenkingar*.

- Omgrepet omfattar mellom anna mobbing, truslar og trakassering.
- Omgrepet omfattar verbal vald, som nedsettande kommentarar, skyldnadar eller ukvemsord.
- Omgrepet omfattar også ikkje-verbale psykiske krenkingar som til dømes filming og kroppsspråk. Føresegna vil gi heimel til fysisk inngripen for å stoppe ei pågåande krenking eller overhengande krenking av ein elev, ved å fysisk ta ein

⁶ Situasjonen kan bli annleis dersom eleven spring ut av klasserommet 5 minuttar etter at foreldra har gått, og skulen ligg langs ein svært trafikkert bilveg. Då kan det oppstå «fysisk fare» for eleven, og skulen kan (dersom andre verkemidlar ikkje er tilstrekkelege) gripe inn fysisk for å avverje faren.

mobiltelefon frå ein elev som filmar ein annan elev på ein måte eller i ein situasjon som vil innebere ei krenking. Dette vil vere tilfelle dersom den som blir filma til dømes blir mobba, banka opp eller er i dusjen.

Det er også foreslått å legge til ein bokstav d til føresegna. Forslaget handlar om å bruke fysisk inngripen for å avverje at ein elev vesentleg forstyrrar opplæringa til andre elevar.

- At forstyrringa må vere vesentleg inneber at ein skil mellom mindre og meir alvorlege forstyrringar. Ikkje alle forstyrringar gir grunnlag for fysisk inngripen.
- Terskelen set grenser for kva forstyrringar den tilsette kan gripe inn fysisk mot.
- Terskelen inneber at forstyrringar medfører at dei planlagde opplæringsaktivitetane ikkje kan gjennomførast. Dette vil kunne omfatte tilfelle der ein elev stenger for inngangen til klasserom/grupperom og nektar å flytte seg etter gjentatt tilsnakk. Andre døme kan vere der ein elev skrur av og på lyset gjentatte gonger, skrik uavbrote eller på annan måte forstyrrar med høg lyd, og nektar å avslutte forstyrringa.
- Forstyrringa må gå utover andre elevar si opplæring.



Korleis løyse at ein alltid skal vere to personar til stades i tilfelle der ein må fysisk gripe inn?



Rammene for § 13-4

Statsforvaltaren kan ikkje sjå at lova eller forarbeida stiller krav om at to personar skal vere til stades for å kunne gripe inn fysisk etter § 13-4.



Ved utagering mot andre elevar, lærarar eller materiell, korleis handterer ein dette etter lova?



Rammene for § 13-4

For å vurdere om ein kan gripe inn fysisk mot ein elev som utagerer, må ein undersøke om vilkåra i § 13-4 er oppfylt.

Dersom eleven sin åtfærd medfører fare for at eleven enten krenker ein person fysisk, jf. bokstav a, eller skader eigedom, jf. bokstav b, kan ein gripe inn fysisk for å avverje dette så lenge andre tiltak ikkje er tilstrekkelege.

Når andre tiltak ikkje er tilstrekkelege

Frå forarbeida:

Andre tiltak [enn å gripe inn fysisk] kan for eksempel være å snakke med eleven for å roe situasjonen. Barnets rett til medvirkning, jf. § 10-2, tilsier at eleven gis anledning til å uttale seg i den grad det er mulig. Slik medvirkning kan bidra til å kartlegge om det finnes alternative tiltak. Hvorvidt andre tiltak ikke er tilstrekkelige, er en konkret og skjønnsmessig vurdering som den ansatte må gjøre.

Vilkåret innebærer at fysisk inngripen kun kan benyttes som siste utvei. I den grad det er mulig skal andre mindre inngripende tiltak være forsøkt eller uansett vurdert.

Vurderingen må bero på kunnskap om og erfaring med slike situasjoner og den enkelte eleven, herunder om eleven har en funksjonsnedsettelse eller andre utfordringer.

Kunnskap om slike forhold vil gi bedre forutsetninger til å vurdere om det foreligger alternative tiltak som kan være tilstrekkelige for å avverge en av situasjonene nevnt i første ledd bokstav a–c, slik at fysisk inngripen ikke blir nødvendig. Her vil den ansatte ha et slingringsmonn i sine vurderinger.

Vilkåret om at andre tiltak ikke kan være tilstrekkelige, innebærer at situasjonen som regel vil ha tilspisset seg før man griper inn. I andre tilfeller vil andre tiltak normalt fremdeles kunne være tilstrekkelige. Det kan likevel etter en konkret vurdering gripes inn før situasjonen blir akutt, så fremt dette blir gjort for å avverge at en situasjon eskalerer og det ikke finnes andre handlingsalternativer. Jo tidligere før situasjonen blir akutt, jo flere handlingsalternativer utover å gripe inn fysisk vil det normalt foreligge. Det kan imidlertid forekomme tilfeller der ansatte for eksempel gjennom tidligere inngrep har opparbeidet seg en erfaring med at visse situasjoner, gitt at det ikke gripes inn, vil eskalere på en slik måte at andre personer vil kunne bli fysisk krenket eller at gjenstander vil bli ødelagt⁷.

Kva betyr det å avverje?

Å avverje betyr at ein kan gripe inn fysisk mot ein elev før det har oppstått ein nært føreståande faresituasjon. I forarbeida går det fram at:

Jo tidligere før en situasjon blir akutt, jo flere handlingsalternativer vil den ansatte som regel ha, og dette innebærer at muligheten for å gripe inn fysisk før en situasjon har tilspisset seg generelt vil være mindre. Dersom andre tiltak ikke er tilstrekkelige, kan det

⁷ [Prop. 62 L \(2023–2024\) \(regjeringen.no\)](#), side 67.

likevel gripes inn før situasjonen blir akutt, så fremt dette blir gjort for å avverge at situasjonen eskalerer. Dette kan være aktuelt der ansatte har opparbeidet seg en erfaring med at visse situasjoner, gitt at det ikke gripes inn, vil eskalere på en slik måte at andre personer vil kunne bli fysisk krenket eller at gjenstander vil bli ødelagt⁸.

Krav om forholdsmessighet

Frå forarbeida:

I at inngrepet ikke kan gå lenger enn nødvendig, ligger det både at inngrepet må være egnet til å avverge den aktuelle situasjonen i første ledd bokstav a–c, og at inngrepene må være så få, kortvarige og skånsomme som mulig. Et fysisk inngrep som ikke er egnet til å oppnå sitt formål, vil aldri kunne være nødvendig.

I tillegg må det foretas en forholdsmessighetsvurdering av det aktuelle inngrepet. Inngrepet må stå «i et rimelig forhold til de interessene som skal varetas». Jo tyngre interessene man søker å ivareta er, jo lengre kan det fysiske inngrepet i utgangspunktet gå. Vern av liv og helse veier tyngre enn vern av eiendom. Vern av verdifulle gjenstander vil utgjøre et mer tungtveiende hensyn enn mindre verdifulle gjenstander.

I vurderingen av forholdsmessighet må det også tas hensyn til hva som er foranledningen for å gripe inn fysisk, herunder om man søker å avverge et angrep på andre eller ikke. For eksempel vil det normalt være adgang til et noe mer inngripende inngrep for å avverge at en elev sparker en annen elev, enn når eleven sparker seg selv. Det kan være aktuelt å la en elev slå seg selv uten å gripe inn fysisk, selv om man ville grepet inn ved tilsvarende slag mot andre personer.

Tilsvarende vil kunne gjelde dersom eleven ødelegger egne gjenstander fremfor andres gjenstander. I forholdsmessighetsvurderingen må det tas hensyn til særegne forhold ved eleven, som funksjonsnedsettelse eller andre sårbarheter. Det vises til de alminnelige merknadene til forslaget i punkt 4.5.6. Det sentrale er at man skal sørge for trygghet med minst mulig inngripende tiltak. Aktuelle tiltak kan etter omstendighetene være å holde eleven fast eller flytte på en elev. I enkelte tilfeller kan det være adgang til å ta eleven ut av klassen eller gruppen⁹.

⁸ [Prop. 62 L \(2023–2024\) \(regjeringen.no\)](#), side 67.

⁹ [Prop. 62 L \(2023–2024\) \(regjeringen.no\)](#), side 68.



De snakka om at det ikkje var lov å beslaglegge utstyr eller isolere eleven. Kva legg de i at det ikkje er lov å isolere eleven? Kan ein ikkje bane ein elev inn på eit grupperom for å skjerma andre elevar?



Isolasjon

Etter vår vurdering avhenger svaret av kva ein legg i omgrepet «isolering». Dersom ein meiner at ein tilsett fysisk flytter eleven vekk frå medelevar, til dømes for å bryte opp ein slåsskamp, står det i forarbeida at:

Aktuelle tiltak kan for eksempel være (...) å fysisk flytte eleven bort fra situasjonen.

(...)

Å ta en elev ut av klassen kan for eksempel forhindre at situasjonen eskalerer.

(...)

Departementet legger videre til grunn at en voksen normalt må følge opp og ivareta eleven dersom eleven tas ut av elevfellesskapet i kraft av omsorgsansvaret for eleven. Eleven kan uansett ikke holdes borte fra klassen med tvang lengre enn det som er nødvendig og forholdsmessig ut fra de hensyn som hjemlet det fysiske inngrepet i utgangspunktet¹⁰.

Etter forarbeida vil ein altså kunne flytte ein elev vekk frå ein situasjon dersom dette er nødvendig for å avverje fysiske krenkingar eller skade på eigedom. Ein kan godt tenke seg at ein utagerande elev som er i ferd med å slå ned ein annan elev, til dømes i gangen eller garderoben, vil kunne bli flytta inn på eit anna rom for å avverje fysiske krenkingar. Kva som vil vere eit naudsynt inngrep, og om inngrepet står i forhold til interessa som skal vernast, vil variere frå sak til sak.

Dersom ein med omgrepet «isolering» meiner at eleven vert stengd inne på eit grupperom åleine, utan at det er ein tilsett til stades, eller at dette skjer lenge etter at faren for skade er avverja, er det etter vår vurdering ein fysisk inngripen som ligg utanfor rammene for § 13-4.

¹⁰ [Prop. 62 L \(2023–2024\) \(regjeringen.no\)](#), side 45.



Vil ikkje det vere ei utviding av retten til fysisk inngripen når det no er lov også ved skade på materiell? Slik eg forstod nødrett/nødverje var ikkje det mogleg å bruke dette når det gjaldt materielle skader?



Tilhøvet til straffelova

Straffelova sine føresegner om nødrett (§ 17) og nødverje (§ 18) fastslår at visse handlingar i en nødssituasjon er lovlege og straffrie. Etter § 17 er ei handling som elles ville vore straffbar, lovleg når (a) den blir gjort for å redde liv, helse, eigedom eller ein annan interesse frå ein fare for skade som ikkje kan avverjast på annan rimeleg måte.

I forarbeida presiserer departementet at:

Når det gjelder forholdet til nødretts- og nødvergebestemmelsene, er utgangspunktet at departementets forslag ikke er ment å gi et bredere grunnlag for fysisk inngripen enn det som følger av disse bestemmelsene (med et mulig unntak om retten til å gripe inn mot sterk selvfornedrelse)¹¹.

¹¹ [Prop. 62 L \(2023–2024\) \(regjeringen.no\)](#), side 52.